Øystre Slidre fjellstyre

Bygdinvegen 1989

2940 Heggenes

## SØKNAD OM UTVISING AV FRILAGT STØLJORDE

(Hjemmelsgrunnlag for utvising, se baksiden)

Gardens namn: ......................................................................gnr .............bnr ..............

Gardens noverande eiger: .........................................Personnummer: ..............................

adresse: ...............................................................................................

Det søkjast om følgjande frilagde stølsjorde: **53/1/451 på Etnstølen**

Gardens areal/rettigheiter: Fulldyrka mark ........................ daa

Overflatedyrka mark/beite ........................ "

Anna mark ........................ "

Samla innmark **........................** "

Samla skogareal **........................** "

Del i privat sameige:..........................................................

Opplysning om driftsbygningane på garden: ..........................................................................

..............................................................................................................................................

**Besetning og tal på dyr, på hovudbruket:**

| Mjølkekyr: | Ammekyr: | Anna storfe: | Geit: | Sau: | Anna: |
|---|---|---|---|---|---|
| _________ | _________ | ___________ | ____ | _____ | __________________ |

Planlagt bruk av stølsjordet: ……………………………………………………….…….

……………………………………………………………………………………

Har eigedomen støl, tilleggsjord eller inngjerda beiteareal frå før?.........ja/nei............

Vis ja, kor?..........................................................................................................

Er det utarbeida driftsplan for garden, i så fall gjør kort reie for denne:……………………..

...............................................................................................................................

...............................................................................................................................

Andre opplysningar som du meiner kan ha interesse for vurdering av søknaden (bruk baksida eller eget ark ved behov)

..............................................................................................................................................

……………………………………………………………………………………

sted: .................................... den...................20.........

...................................................................

Underskrift

# Forskrift om seter og tilleggsjord med mer i statsallmenning

## Kapittel 2 - Beite

**§ 4.*Beiterett***

Jordbrukar med beiterett i statsallmenning har rett til å beite med så stor buskap han kan vinterfø på eigedomen, jf. § 15 første ledd i fjellova. Fjellstyret kan godkjenne at det blir beita med større buskap enn dette, når det kan skje utan skade for andre som har bruksrett, jf. § 15 andre ledd i fjellova.

0 Endra ved forskrifter 27 mars 2007 nr. 358, 26 aug 2009 nr. 1120 (i kraft 1 sep 2009).

**§ 5.*Beiteareal, inngjerding, natthamning og gjetarbu***

Jordbrukar med beiterett i statsallmenning kan få utvist areal til inngjerding og natthamning (beiteareal), og ein stad for oppføring av gjetarbu, anten aleine eller saman med andre jordbrukarar. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for areal til inngjerding eller gjetarbu, ved til dømes å leggje fram driftsplan.

Søknad om å få utvist beiteareal og ein stad for oppføring av gjetarbu skal sendast til fjellstyret. Fjellstyret skal leggje saka fram for kommunen, Statskog SF og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.

Fjellstyret tek avgjerd om beiteareal og gjetarbu, og fastset dei nærare vilkåra for det utviste, under dette vilkår om oppføring av gjetarbu, kva slags bygningar som kan setjast opp, frist for å ta bua eller beitearealet i bruk m.m. Fjellstyret skriv ut eit dokument til beitebrukaren om utvisinga. Statskog SF skal ha kopi av det endelege vedtaket og dokumentet til beitebrukaren.

Statskog SF tek avgjerd om inngjerding av beiteareal etter tilråding frå fjellstyret. I avgjerda kan Statskog SF setje dei vilkåra som er nødvendige, mellom anna kva slag gjerde søkjaren skal bruke og kor det av omsyn til ferdsel skal vere eit le eller ei grind.

Når beitearealet eller gjetarbua ikkje lenger er i bruk skal fjellstyret fatte vedtak om at inngjerdinga eller gjetarbua skal fjernast, om det ikkje kan utvisast til ein annan som har bruksrett. Elles gjeld føresegnene om fjerning av hus i § 8 tilsvarande.

0 Endra ved forskrift 26 aug 2009 nr. 1120 (i kraft 1 sep 2009).